

Møtereferat

Dato: 22. feb. 2024

Emne:	Næringsforum Vestland	
Til stades:	<i>Medlemmer:</i> Bård Sandal, Øystein Høyvik, Roger Pilskog, Mette Nora Sætre, Kathrin Jakobsen, Rolf H. Sørland,, Rigmor Fardal, Gisle Nondal, Margareth Hagen, Helene Frihammer, Geir Kåre Resaland, Anne Kverneland Bogsnes, Monica Mæland, Pinar Heggernes møtte for Margareth Hagen (kl. 10-12) <i>Gjestar:</i> Kristine Dahl, Stad kommune.	
Forfall:	Geir Mikalsen, Kristin Eriksen (SIVA), Christian Rekkedal, Margareth Hagen	Sak:1-11/24
Møtetid:	Kl. 09.00 – 12.00	Møtestad: Teams

Møteleiar: Bård Sandal
Referent: Jone Engelsvold

Sak 01/24 Velkommen + Godkjenning av innkalling og agenda

Bård Sanddal ønskte velkommen og gav ei kort innleiing om mandat og mål med arbeidet i Næringsforum Vestland. Joen Engelsvold vart presentert som ny ansvarleg for sekretariatet til forumet. Det vare ingen merknader til innkalling og agenda for møtet.

VEDTAK

1. ***Næringsforum godkjenner innkalling og dagsorden til møte 22. februar 2024.***

Sak 02/24 Referat frå møte i Næringsforum Vestland 12. desember 2023

Det var ingen merknader til referatet frå møte 12. desember 2023

VEDTAK

1. ***Referat frå møtet i Næringsforum Vestland 12. desember 2023 vert godkjent.***

Sak 03/24 Budsjettprosessar vi må vere merksame på første halvår - informasjonsutveksling og drøfting av mogeleg regionale innspel

Bård Sanddal gav ei kort innleiing.

I drøftinga vart det gjeve positiv tilbakemelding til at ei sak som dette er sett på dagsorden. Viktig å kunne diskutere dette på tvers for slik å avklare om det er grunnlag for felles mobilisering.

Ein har lett for å kome for seint inn i dei nasjonale budsjettprosessane dersom ein ønskjer utteljing på statsbudsjettet. Regjeringa sin budsjettkonferanse i mars kvart

år er ein svært viktig arena å arbeide mot. Det er elles verd å merke seg at midlar sett av i revidert budsjett er å rekne som kostnad berre i det eine året. Ingen garanti for at slike midlar vert vidareført i neste års statsbudsjett. Det er også viktig å vere observant på formuleringar i tildelingsbrev. Her kan mykje vere både vere avklart og kome overraskande.

Næringsklyngene sin situasjon vart særleg drøfta. Det er uklart kva som vil skje med finansiering av nye klyngeprogram. Fleire eksisterande klynger har også ein usikker budsjettsituasjon framføre seg. Det har vore dialog med Næringsdepartementet om desse spørsmåla, utan at det har kome klare svar. Næringsministeren er invitert til å kunne presentere eit nytt klyngeprogram her i Bergen. Det er kjend at Næringskomiteen kjem til Vestland i haust. Klyngene sin situasjon er eit aktuelt tema å ta opp.

Andre tema som kan vere aktuelle å koordinere inn mot budsjettprosessar kan vere hurtigbåt, industri, Co2 kompensasjon/regelverk, Blått kvantesprang, forsterka miljøteknologiordninga og tilsvarande med ei mogeleg styrking av Grøn plattform. Det vart også vist til den regionale «missions» satsinga som eit grunnlag for mobilisering inn mot statsbudsjettarbeidet.

Fleire medlemmer i Næringsforum orienterte vidare om ulike sider og utfordringar knytt til eige budsjettarbeid.

Oppfølging: Sekretariatet vil lage oversikt med tema der koordinert mobilisering inn mot statsbudsjett kan vere aktuelt. Næringsklyngene sin situasjon vil vere del av dette.

./.

Ei slik liste er vedlagt referatet (i dette dokumentet).

VEDTAK

1. ***Næringsforum drøfta saker som kan vere viktige for Vestland fylke i statsbudsjettet for 2025***
2. ***Næringsforum ber sekretariatet lage oversikt over med tema der koordinert mobilisering inn mot statsbudsjett kan vere aktuelt***

Sak 04/24 **Aktuelle høyringar –punkt å vere merksam på i eige arbeide med innspel og prosessar**

Jone Engelsvold gav ei kort orientering om dei framlagde høyringane samt invitasjon til å gi innspel i prosess om utarbeiding av Stortingsmelding om grunder og entreprenørskap.

Drøftinga gav positiv tilbakemelding til at det er lagt fram ei sak om høyringar, dåp det alltid er interessant å sjå på om det er spesifikke ting for som gjeld Vestlandet. Då er det viktig å kunne gi regionale innspel til slike høyringar. Ein kan lære av kvarandre. Men ein kan også forsterke kvarandre sine innspel. Betyr ofte noko at eit synspunkt kjem frå fleire aktørar.

Leiar/sekretariat i Næringsforum kan vere ein «hub» for forsterking og eller koordinering av uttale til slike høyringar som er relevant for Næringsforum.

VEDTAK

1. ***Næringsforum drøfta aktuelle høyringar med frist våren 2024***

Sak 05/24 Oppstart Næringsforum Vestland 2024 - Strategi og gode grep i arbeidet med Næringsforum – korleis styrke samarbeidet rundt felles mål?

Bård Sandal gav ei kort innleiing der han poengterte om ambisjonane til Næringsforum. Han la vekt på at vi treng takhøgde i samarbeidet, og at vi må jobbe med forbettringspunkt i korleis vi arbeider.

Anne Kverneland Bogsnes var invitert til å reflektere over sterke og svake sider ved arbeidet i Næringsforum Vestland. Ho har vore medlem sidan 2009, og hadde denne dagen sitt siste møte i forumet før ho går av med pensjon frå 1. mars 2024. I sitt innlegg la ho vekt på følgjande moment:

- Forumet har gitt bredt eigarskap til utvikling i fylket. Medlemmene er villige til å dele idear og tankar. Deltaking gjer at det er lettare å snakke med andre aktørar som arbeider med arbeids- og næringsutvikling.
- Særlege saker å trekke fram; Arbeidet med «Kunnskapsgrunnlag – konsekvens av Covid i Vestland», «Vestlandsscenario/Grøn region Vestland», «Vestlandsportefølje» og «Utviklingsplan»
- Agenda i møta er kanskje ikkje like relevant for NAV heile vegen. Men alle aktørar i forumet er viktige for å kunne levere også på NAV sitt oppdrag. Viktig å kunne gjere felles høyringar – eller forsterke kvarandre, slik som på agenda i dag.
- 12 medlemmer pluss dei fylkeskommunale deltakarane er eit stort forum – og bør ikkje bli større. Kanskje treng ikkje alle delta på alle møta? Viktig å lage årsplan for forumet. Kanskje burde ein vurdere deltaking ut i frå tema. Kanskje sette ned arbeidsutval som rapporterer til forumet?
- Viktig at møteplan kjem tidleg, og for heile året, som det nå er gjort. Bør det være færre møte? Delegasjonsreiser til utlandet har vore gode og relevante turar som har gjort oss meir kjent. Fysiske møter er best!
- Fylkeskommunen er flink til å bruke deltakarane sine styrker. Vore ein brubyggjar. Medlemene blir høyrte. Bård Sandal har leia møta på ein svært god måte.

Fleire takka Anne både for hennar lange og gode deltaking i Næringsforum og for innlegget hennar.

Drøftinga i saka vart utsett, og vil bli følgt opp både gjennom samtalar med medlemene og på seinare møte.

VEDTAK

1. ***Næringsforum starta drøft av arbeidet i 2024 og korleis styrke samarbeidet rundt felles mål***

Sak 06/24 Pilot «Statens Hus i distrikts-Noreg» – Distriktstenketank.

Kristine Dahl, kommunedirektør i Stad kommune innleia. Hennar presentasjon er vedlagt referatet.

Etter presentasjonen vart det i Næringsforum uttrykt begeistring for korleis Stad jobbar. Følgjande synspunkt kom fram: Skal vi få fleire som bur/arbeider utanfor byane må vi gjere meir. Nøkkel er jobb, desentralisert utdanning, men også tilbod som gratis ferje. Kommunar får mange nye oppgåver, og det er krav til nye måtar å

løyse desse for å møte utfordringane. Vi treng at det vert tenkt nytt. Bryt siloar og på tvers. Spannande å sjå det fysiske bygget når det kjem. Arbeid med desentralisert utdanning er svært viktig for å møte sentraliseringstrenden. I Stad er dei særleg opptekne av fagarbeidarar – modulutdanning.

Ei følgje evaluering av pilotane for distriktstenketank viser at Stad levere svært godt, mykje fordi kommunen har tatt så tydeleg eigarskap og holdet prosjektleiing innan kommunen.

VEDTAK

1. **Næringsforum tok informasjon om arbeidet med «Pilot «Statens Hus i distrikts-Noreg – Distriktstenketank» til orientering og drøfta tiltaket**

Sak 07/24 **Vestlandsporteføljen 2.0 – Avklaringar og strategiske vegval for Grøn region Vestland**

Bård Sandal og Kathrin Jakobsen gav ein presentasjon (vedlagt) og innleia til drøfting ved å peike på at Vestlandsportefølje 2.0 er ein dynamisk prosess. Innovasjon Norge og Vestland fylkeskommune har felles eigarskap og administrasjon for Grøn Region Vestland arbeidet. Det er registrert behov for avklaringar av 1) Marine næringar sin plass i arbeidet og om 2) Bergen by/som motor og viktige rolle er teke godt nok i vare?

Bergen er avgjerande! Det er ikkje lukkast godt nok med få Bergen sin rolle godt nok fram. Havaksen har ei nøkkelrolle for at region/land skal lukkast i sine havrelaterte ambisjonar. Bergen ikkje eigen hub, men må byggjast sterkt inn som ressurs inn mot fleire av hubbane og særleg knytt til arbeidet med Havbyen/One Ocean. Viste til sak i fylkesutvalet om Grøn Region – for å få politisk forankring om måten det vert arbeidd på med i Grøn Region Vestland og med dei grønne hubbane.

I drøftinga poengterte Bergen Næringsråd/Næringsalliansen at dei sterke fag og næringsmiljøa i Bergen på ingen måte har fått den plass dei bør ha i Vestlandsporteføljen. Havbyen er svært viktig. Den er ute. Krafta i regionen er i Bergen, navet i alt Vestland driv med. Man kan ikkje ta for gitt at Bergen er viktig. Bergen må være inngangen til dette arbeidet. Kommer først på side 33. Det er ikkje tilstrekkeleg. Dersom det er definisjon av ein hub som dannar utgangspunktet for denne prioriteringa, så er det kanskje definisjonen som er problemet – ikkje Bergen og Havbyen!

Vestland fylkeskommune responderte på dette innspelet ved å anerkjenne at Bergen må være inngangen til dette arbeidet. At ein må sette Bergen i rett kontekst, starte historieforteljinga med Bergen. Ein vil gjere ein redaksjonell av gjennomgang av dokumentet slik det ligg no. For å få fram Bergen si rolle klarare fram.

Andre innspel i drøftinga la vekt på at betre kommunikasjon er viktig. Svært mykje er bra med det arbeidet som er gjort. Det er mykje prioritering av barrierar og aksjonspunkt, kanskje bør vi jobbe meir med kapital og kapitalprogram for å hente kapital inn til vår region? Kompetansegapet og inkludering – døme på samarbeidspunkt vi har på tvers. Kraftgapet er svært viktig – og er sentral del av dette. Viktig å sjå på kva tiltak vi kan kome til saman.

Bergen en premiss. Implisitt, men ikkje godt nok forklart. Kanskje er porteføljen blitt litt «micro» – som burde vere noko meir «macro», der Bergen er meir sentralt. Mykje kan gjerast redaksjonelt.

Brei semje om å få tydeleggjort fag- og næringsmiljøa i Bergen si rolle i Vestlandsporteføljen.

VEDTAK

1. ***Næringsforum Vestland tek informasjonen i saka til orientering***
2. ***Næringsforum Vestland ber om ei sak med framlegg til revisjon av styringsdokument for Grøn Region Vestland etter oppdatering av Vestlandsporteføljen. Saka skal særleg avklare Næringsforum sitt mandat til å endre samansetting av hubbar i Vestlandsporteføljen.***
3. ***Næringsforum ber om at det vert gjort ein redaksjonell gjennomgang av dokumenta som presenterer Vestlandsporteføljen med mål å få fram fag- og næringsmiljøa i Bergen si viktige rolle klarare. Gjennomgangen må også bidra til å tydeleggjere sjømatnæringa si rolle i Vestlandsporteføljen.***

Sak 08/24 Status i arbeidet med Eksportkonferansen 2024

Monica Mæland og Helene Frihammer gav ei kort orientering.

Eksportkonferansen skjer 7. mai.

Det vert agt vekt på begeistring og kunnskap om eksport. I tillegg til konferanse blir det ein «eksportskole». Statsråd Vestre kommer også på denne konferansen. Arbeidet med eksport er svært viktig for næringsutvikling i Vestland. Kanskje bør eksport vere eit fast tema på møta i Næringsforum?

VEDTAK

1. ***Næringsforum tek informasjonen om arbeidet med Eksportkonferanse til orientering***

Sak 09/24 Referatsaker

Sekretariatet orienterte at det vert lagt opp til referatsaker for kvart møte, og at medlemene i forumet gjerne må melde om det er informasjon/dokument dei gjerne vil ha inkludert.

LO sa seg nøgd med måten deira innspel var handtert. Det var elles ingen andre merknader til saka.

VEDTAK

1. ***Næringsforum tek informasjonen til orientering***

Sak 10/24 Runde rundt bordet – kort informasjon som andre i Næringsforum treng å kjenne til.

Det vert arbeidd med ein «Vestlandspaviljong» under Arendalsuka. MS Sandnes er leigd inn som ein Vestlandsbåt søndag til onsdag. Agenda Vestland har bidrege med kr. 900 000 til dette. Her er det mange mogelegheiter til å skape agenda og synleggjere Vestland!. Det vert arbeidd med å inkludere kulturinnslag.

Rolf Sørland informerte om at dette var hans siste møte i Næringsforum, og at Aslak Sverdrup startar som direktør frå 1 mars. Han vil delta i Næringsforum.

VEDTAK

1. **Næringsforum tek informasjonen til orientering**

Sak 11/24 Eventuelt

På vegne av heile Næringsforum takka Bård Sanddal både Anne Kverneland Bogsnes og Rolf Sørland for deira deltaking i Næringsforum Vestland.

VEDLEGG: Oversikt med tema der koordinert mobilisering inn mot statsbudsjett kan vere aktuelt

Tema	Litt om bakgrunn	Anna å merke seg
Klyngeprogram	Innovasjon Norge skal prioritere å få på plass eit nytt klyngeprogram og ei ny utlysing i 2024. Det nye programmet skal prioritere å styrke og konsolidere mindre modne klyngemiljø. Viktig å sikre at resultat av klyngeprogrammet og dei mange klyngene i Vestland vert teke i vare og vidareutvikla	Ny utlysing venta snarleg snarleg – i april
Co2 kompensasjon/regelverk	Viktig for internasjonal konkurranse i industribedrifter. Veldig Vestlands relevant.	
Blått kvantesprang	Samle og utvikle viktige næringar i det grønne skiftet.	Nyleg lansert
Grønn plattform	Ikkje utlysing i 2024. Viktig for teknologiutvikling innan det grønne skiftet	Utlysing har vore samarbeid mellom Forskingsrådet, Siva og Innovasjon Norge, som har fått i oppgåve å vidareutvikle ordninga
Finansiere innsats i følgje regional missions	Understøtte industriell symbiose og sirkulære løysingar som verktøy for grøn omstilling	Fylkeskommunane og KS har arbeidd saman om dette som grunnlag for koordinert innsats til liks med Grøn Region Vestland